



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Bergen, 15.10.2008

Fråsegn til planprogram for Klimaplan for Hordaland

Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) er positive til at arbeidet med klimaplan for Hordaland er i gang, og ser at det allereie er gjort mykje godt arbeid. Me har likevel nokre presiseringar og innspel som fylgjer under.

Energifrigjering

NVH vil presisera at utvikling av ny teknologi og aukande innslag av fornybar energi er viktig, men at eit av dei største potensiala for reduksjon i klimagassutslepp ligg i energifrigjering. Energifrigjering baserar seg òg oftast på eksisterande teknologi, noko som gjer framskrivningar langt lettare. Det er naudsynt at den vidare prosessen sikrar at energifrigjering får ein like sentral plass i den ferdige planen som utvikling av ny teknologi.

Haldningar

Me meiner at formuleringa ”mål, strategiar og tiltak i klimaplanen skal vere utforma slik at dei motiverer innbyggjarane i Hordaland til aktiv innsats” er skummel, fordi ho kan tolkast slik at alt skal vere eit personleg ansvar. Me legger til grunn at det ikkje er dette som er tanken bak, men at Hordaland Fylkeskommune kneset at det er viktig at folk får gode førebilete samstundes som dei vert oppmuntra til sjølv å ta ansvar. Ingenting er så øydeleggjande på folk sin motivasjon som døme på at ansvaret for klimakutt vert overlate til einskildmennesket, medan dei som står for dei største utsleppa får fortsetja som før. Eit døme på dette er at Hordaland vanskeleg kan komme nedst på statistikken over klimagassutslepp all den tid Statoil Mongstad, som nemnt i planprogrammet, er Noreg sitt største punktutslepp av CO₂. Planen bør difor innehalde ei god drøfting av forholdet mellom personleg ansvar, statleg ansvar, fylkeskommunalt/kommunalt ansvar og næringslivet sitt ansvar. Ein må også sjå på kva for synergieffektar som kan hentast når alle drar lasset saman.

Følelsen av å gjere ei god gjerning er oftast aleine ikkje tilstrekkeleg motivasjon for dei fleste av oss. Planen bør drøftast korleis god tilrettelegging kan vere med på å gjere det enklare å omsette gode haldningar til praktisk handling. Inn under slik tilrettelegging ligg både fysiske strukturar av typen tilgjengelege og gode resirkuleringsordningar, men òg økonomiske insentiv for klimavennlege handlingar, som til dømes panteordningar for oljefyrar.

Planen bør vidare drøfte samspelet mellom negative og positive sanksjonar på område som har verknadar for klima, til dømes persontransport.

Effektar av klimaendringane

Det bør takast inn eit punkt om kva effekt klimaendringane vil kunne ha på kulturminne, kulturlandskap, flora og fauna, samt korleis desse endringane kan dempas.

Forholdet til andre planar og andre område

Det er viktig at ein klimahandlingsplan ikkje vert eit dokument som berre vert nytta i festtalar. Ein må også unngå ein plan som inneheld passive mål som berre vert tilgodesett når alle andre mål og delplanar er oppfylde. Klima er ikkje eit område som kan sjåast uavhengig av andre samfunnsmessige tilhøve. NVH vil rosa Hordaland Fylkeskommune for å ta dette inn over seg gjennom å knyta klima til områda arealbruk og transport, landbruk, havbruk og avfall, og næringsutvikling. Planen bør i tillegg ta inn over seg høvet til andre fylkeskommunale mål, og drøfta aktuelle motsetnader. Eksempel på slike motsetnader kan vere dei tilsynelatande og reelle motsetnadane mellom regional utvikling og klimamål. I eit slikt perspektiv ser NVH fram til å få ein klimaplan som hindrar at andre målsettingar i også i framtida oftast vil verta prioritert over omsynet til reduksjon i klimagassutsleppa.

Med venleg helsing

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND

(sign.)

Ingar Flatlandsmo
Leiar

(sign.)

Heidimarie Evensen
Sakshansamar